Komiteen deler seg på ett punkt. Komiteflertallet, som er Arbeiderpartiet og SV, viser til at balanse mellom kjønnene er et viktig mål, både i privat og offentlig sektor, og etterlyser Regjeringens vilje til å benytte utnevnesretten til å sikre dette viktige målet. Komiteens øvrige medlemmer har sine særmerknader, som jeg forutsetter at de eventuelt selv vil redegjøre for. Vi fra Arbeiderpartiets side er opptatt av at ulikhetene mellom kjønnene ved utnevnelser også skal utjevnes. Vi vil aktivt bidra til at når vi kommer tilbake i regjeringskontorene – ikke om, men

når vi kommer tilbake i regjeringskontorene – vil vi jobbe mer aktivt med dette.

Ellers kommenterer en samlet komite alle dem som ikke ønsker sine navn offentliggjort på søkerlistene, og forutsetter at dette spørsmålet vil bli gitt særskilt vurdering i forbindelse med arbeidet med en ny offentlighetslov.

Ågot Valle (SV) [10:50:24]: Som saksordfører nettopp gjorde rede for, er det to forhold som komiteen har vært spesielt opptatt av eller har merknader til. Det er for det første kvinneandelen i ledende stillinger i staten, og det er dette med offentlighet rundt søkerlistene til embetsstillinger.

Fra vår side vil vi si at det er alarmerende at det fremdeles utnevnes langt flere menn enn kvinner i ledende stillinger i staten. Som saksordfører gjorde rede for, har faktisk kvinneandelen gått ned i den perioden som vi nå har sett på – dette til tross for at det var flere kvinnelige søkere i 2003–2004 enn det har vært tidligere.

Vi vet at kvinner i Norge både har en høyere yrkesdeltaking og et høyere utdanningsnivå enn i de fleste andre land. Det skulle altså ikke skorte på kvalifikasjoner, skulle en tro. Vi hører ofte at forklaringa er at kvinner ikke søker ledende stillinger. Det rimer ikke når vi ser at det nå er flere søkere til ledende stillinger enn det har vært tidligere blant kvinner.

Regjeringa har simpelthen et forklaringsproblem når en vet at målet er 40 pst. kvinner i ledende stillinger innen 2006. Jeg ser at det ikke er moderniseringsministeren som sitter her, men jeg vil likevel utfordre den statsråden som skal forsvare Regjeringa her, til å se på hvordan dette målet skal nås. Er statsråden fornøyd med den tålmodigheten som regjeringspartiene i komiteen signaliserer? Arbeidet med likestilling må prioriteres høyere fra Regjeringas side. Det blir for puslete dersom en slår seg til ro med at en går i rett retning, for det er sånn som representanten Ola T. Lånke sa i en interpellasjonsdebatt i fjor:

«Staten er, enten den vil det eller ikke, et utstillingsvindu for resten av samfunnet, også når det gjelder likestilling. Derfor har det offentlige et særlig ansvar for å gi kvinner og minoritetsgrupper lederposisjoner. Staten må gå foran og vise vei.»

Nettopp dette sitatet fra Ola T. Lånke fikk meg til å se litt på minoritetsbefolkningens plass i embetsverket. Derfor er min oppfordring at neste gang en kommer tilbake med en melding om embetsutnevnelser, må det også opplyses om hvordan det går på det området.

Det andre temaet komiteen har tatt opp, er offentliggjøring av søkerlister. Da Stortinget behandlet offentlighetsloven i forrige periode, gav stortingsflertallet, alle unntatt SV og Venstre, forvaltninga rett til å unnta opplysninger om søkere dersom søkerne bad om det. Sivilombudsmannen hevder at ut fra de opplysningene han har, praktiserer forvaltninga bestemmelsene på en mer offentlighetsrestriktiv måte enn det som ser ut til å være lovgivers mening. Det må det ryddes opp i.

SVs mening har vært at søkerlister i tilsettingssaker skal være offentlige, både av hensyn til likestilling og for

at kvinner som er kvalifisert, skal nå opp ved tilsetting i lederstillinger, men også for at tilsettinger på politisk grunnlag eller annet grunnlag som ikke tåler innsyn, ikke skal skje. Det er ingen grunn til å tro at «gutteklubben grei»-kulturen ikke finnes, i hvert fall et snev av den – i staten. Derfor mener vi at det bør være en føre var-holdning. Det skal være full offentlighet rundt søkerlistene i tilsettingssaker. Dette var vår mening da offentlighetsloven ble behandlet, og det er en holdning vi kommer til å ta med oss når den nye offentlighetsloven kommer opp i Stortinget.

Statsråd Svein Ludvigsen [10:54:48]: Jeg er fornøyd med at saksordføreren innledningsvis sa at denne meldingen på en bedre måte reflekterer helheten i både oppnevning, kjønnsbalanse og andre spørsmål knyttet til embetsutnevnelsene enn tidligere meldinger. Det får vi ta til etterretning, og så får vi forsøke å bidra til at den trenden også blir videreført i fortsettelsen.

Det er ingen tvil om at Regjeringen har stort trykk på dette med å få en bedre kjønnsbalanse når det gjelder både utnevnelser til ledende stillinger og utnevnelser til styrer og utvalg. Dette trykket som Regjeringen har, er ikke bare et trykk mot de deler av forvaltningen og de utnevnelser som Regjeringen som sådan har et ansvar for, men mot helheten i samfunnet. Det dreier seg om styrer i private bedrifter, og det dreier seg om bedrifter hvor staten har en betydelig eierandel og stor innflytelse.

Samtidig må vi erkjenne at vi ikke er kommet langt nok når det gjelder å få kjønnsbalanse i ledende stillinger i det totale samfunnet. Også i politiske forsamlinger, som vi er en del av, ser vi at vi har en vei å gå. Fra Regjeringens side holder man fast ved ambisjonen om 40 pst. ved oppnevnelser. Regjeringen som sådan holder fast ved den ambisjonen, og hver enkelt statsråd har i sine respektive departementer trykket på.

Jeg representerer en sektor i mitt departement som på mange måter har vært oppfattet som, og som er, mannsdominert, men vi ser at når viljen er til stede for å legge et trykk, er det mulig å finne kvalifiserte kvinner – selvfølgelig! Men det har noe med holdninger å gjøre, og det har noe med kultur å gjøre. Derfor er det så viktig at både storting og regjering holder denne fanen høyt. Det føler jeg at vi gjør, samtidig som vi får være ydmyke for at vi har et stykke vei å gå.

Derfor er jeg tilfreds med innstillingen og kan konstatere at i så måte er det ikke forskjell på ambisjonene og målsettingene i Regjeringen og i Stortinget.

Carl I. Hagen (FrP) [10:57:24]: Jeg finner det bare riktig å gjøre oppmerksom på at Fremskrittspartiets gruppe ikke deler de synspunktene som flertallet står for, og som statsråden nå gjentok. Vi er enig med statsråden i at når det gjelder kjønnsfordeling, er det holdning og kultur som er det avgjørende, og som vi synes bør være det avgjørende.

Hvordan et samfunn utvikler seg, bør ikke alltid komme fra et formynderskap på toppen som ønsker å trykke sine synspunkter nedover samfunnet. Vi synes det er en

(Hagen)

god del i et demokratisk samfunn, i et sivilisert samfunn og i et kultursamfunn som utvikles i det brede lag av folket, uavhengig av akkurat hva de styrende ønsker. Det er nettopp det som har vært en av skillelinjene mellom sosialistiske, politiske holdninger og hva vi kan kalle borgerlige, ikke-sosialistiske holdninger. Utviklingen skal gå mer av seg selv, hvordan det står til i befolkningen, i organisasjonslivet, i bedrifter osv. Sosialistene har alltid hatt et ønske om formynderskap og det å styre over mennesker og bestemme over forhold. Dette har vært forbeholdt sosialistene. Jeg kan bare konstatere at for øyeblikket er det ingen forskjell mellom en såkalt ikke-sosialistiske regjering – jeg ser statsministeren hevde dette – og en sosialistisk regjering. Man står likt i ønsket om å trykke nedover samfunnet, bedriftslivet, organisasjoner og alle andre, sine egne synspunkter når det gjelder å bruke lover og regler for å få en annen balanse mellom de ulike kjønn i forskjellige stillinger.

Det er en tenkning som vi altså er uenige i. Vi synes dette bør styres nedenfra, basert på frivillighet og basert på at bedrifter og andre selv gjør det de mener er fornuftig ut fra bedriftens eller organisasjonens formål. Så jeg reserverer meg og Fremskrittspartiets gruppe fra den tenkingen som samtlige andre partier her står for, og som dessverre også den ikke-sosialistiske regjeringen, som den hevder å være, tydeligvis også står for.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 3. (Votering, se side 1492)

S a k n r . 4

Innstilling fra kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonens undersøkelse av forvaltningen av fiskeressursene (Innst. S. nr. 100 (2004-2005), jf. Dokument nr. 3:13 (2003-2004))

Modulf Aukan (KrF) [11:00:19] (ordfører for saka):

Som saksordfører vil eg visa til Dokument nr. 3:13 for 2003-2004, Riksrevisjonen si undersøking av forvaltninga av fiskeressursane. Formålet med denne undersøkinga var å vurdere om forvaltninga av fiskeressursane er samstemt med målet om å sikra rammevilkår for ei berekraftig og lønnsam fiskerinæring.

Innleiingsvis vil eg peika på at Fiskeridepartementet sitt budsjett er relativt lite, men næringa har mykje å seia for landet økonomisk. Fisk og fiskeprodukt er Noreg sine viktigaste eksportprodukt etter olje og gass. Fiskerinæringa gjev oss gode inntekter og bidreg til aktivitet og busetjing langs kysten. Ei viktig utfordring for næringa er å redusera svingingane i dei ulike fiskebestandane og å få til ei langsiktig og berekraftig forvaltning. Dersom fiskerinæringa også i framtida skal hjelpa til med å få stabil busetjing og sikra arbeidsplassar i kystsamfunna, må lønnsmeda vera tilfredsstillande i alle ledd i næringa. Ei berekraftig ressursforvaltning er nødvendig for å oppnå dette; også reglar for kvotar og andre reguleringar må utformast i samsvar med ei slik målsetjing. Fiskerisektoren er eit

svært viktig forvaltingsområde. Det er derfor ein viktig debatt vi har i dag.

Riksrevisjonen har gjort nokre avgrensingar. Utgangspunktet er dei seks kommersielt viktigaste bestandane, i tillegg til det totale ressursuttaket som vert gjort når ein avgjer totalkvotar, fordi dette vert sett på som avgjerande for utviklinga av bestanden. Dette kan gje eit ufullstendig bilete av ei stadig meir kompleks forvaltning. Det er svært viktig at uttrykk og definisjonar er ryddige, slik at det er minst mogleg variasjon i forståing og bruk av uttrykka fiskeriforvaltning, ressursforvaltning og bestandsforvaltning. Det er uheldig at ein i eit verdiskapingsperspektiv ikkje fokuserer meir på den landbaserte delen av industrien.

Eins forståing er heilt avgjerande. Ei føre var-tilnærming i forvaltninga er viktig. Denne tilnærmingmåten er ikkje retta mot uføresette naturlege svingingar, men mot usikkerheita i berekningar av bestand og prognosar. Forvaltninga har berre direkte påverknad på bestanden gjennom regulering av og kontroll med fisket – og ein viss, men ukontrollert, indirekte påverknad av dei andre faktorane som vert styrte av noko ukontrollert i naturen. Det er viktig å presisera at antydningane frå havforskarane byggjer på ulike og over tid varierte føresetnader når det gjeld fastsetjing av kvotar og prinsippet om berekraft.

Det kan vera avvik i fastsetjingane av kvotar i høve til antydningane og likevel vera fullt ut biologisk og forvaltingsmessig forsvarleg. Dette viser litt av kompleksiteten i problematikken rundt fiskeriforvaltning. Eit slikt døme er uttrykket «utenfor sikre biologiske grenser». Dette uttrykket kan lett verta oppfatta feil: at bestanden er i biologisk fare eller utryddingstruga.

Kristeleg Folkeparti viser til at uttaket for nokre bestandar, ifølgje historikk og statistikk, har gått over eit langsiktig berekraftig nivå. Dette er alvorleg, da det årlege uttaket frå bestanden ikkje bør overstiga veksten, sidan dette over tid svekkjer bestanden. Dette er ikkje nokon anten – eller-situasjon, men uttrykk for eit komplisert bilete frå det verkelege livet.

Vi ser det som svært positivt at ICES har, m.a. etter innspel frå Noreg, endra uttrykket til «gytebestandsnivået har risiko for redusert reproduksjonsevne». Eg trur at dette uttrykket vil gje ei meir nyansert og rett forklaring på situasjonen for gytebestanden.

Når det er sagt: Trass i alle avgrensingar er undersøkinga ein nyttig gjennomgang, som gjev relevante vurderingar av viktige forhold knytte til forvaltninga av fiskeressursane. Rapporten bør derfor vera ein viktig arbeidsreiskap for forvaltninga framover.

I ressursforvaltninga skal det leggjast til rette for eit berekraftig ressursuttak. Dette er ein føresetnad for å nå andre mål med fiskeriforvaltninga. Eg ønskjer å visa til dei fire hovudproblema som er tekne opp i undersøkinga:

- om ressursforvaltninga er samstemt med målet om å sikra berekraftige fiskebestandar og høgt varig utbytte frå ressursane
- i kva grad forvaltninga sin bruk av verkemiddel tek vare på måla om ein lønnsam, geografisk fordelt og variert fiskeflåte

- i kva grad styresmaktene si kontrollverksemd bidreg til målet om ei meir effektiv ressursforvaltning
- korleis departementet har følgd opp økonomireglementet sitt krav om å fastsetja mål og resultatkrav og innhenta rapportar om oppnådde resultat og effektar, i høve til verksemdene ressursforvaltning, ressursfordeling og kontroll

Fiskebestandane representerer viktige nasjonale og internasjonale naturressursar som Noreg òg har eit ansvar for å forvalta på best mogleg måte. Berekraftig ressursforvaltning er både ei internasjonal plikt og ein naudsynt føresetnad for ei lønnsam fiskerinæring. Forpliktande internasjonalt samarbeid er avgjerande for mogleheita til å forvalta ressursane på ein berekraftig måte og for å halda kontroll med det totale uttaket av fisk. Det er viktig at dei vitenskaplege tilrådingane vert sterkt prioriterte, uavhengig av om det gjeld ein bestand vi forvaltar åleine, eller ein bestand vi forvaltar i samråd med andre land. Som saksordførar er eg glad for at komiteen sitt fleirtal, medlemmene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, ser det som svært viktig at det vert lagt vekt på tilrådingar frå Det internasjonale råd for havforskning, ICES, ved kvotefastsetjingar. Eg vil streka under at utveksling av erfaringar og funn mellom næringa og forskarmiljøet med fordel bør kunna verta styrkt.

Det er viktig å leggja vekt på at det er mykje som påverkar kor berekraftig ein bestand vil vera. Om Noreg forvaltar ein bestand åleine eller i samråd med andre land, er eit slik forhold. Korleis ulike bestandar påverkar kvarandre, vil vera eit anna forhold. I samband med dette synest desse medlemmene det er viktig å visa til departementet sitt arbeid med å komma fram til ei økosystembasert forvaltning av dei marine ressursane våre.

Forvaltninga av fiskeressursane må ha eit utvida berekraftsperspektiv, der både biologiske, økonomiske og sosiale mål er bygde inn i berekraftsomgrepet. Dette er i samsvar med måla frå toppmøtet om berekraftig utvikling i Johannesburg i 2002, om at økosystembasert forvaltning av fiskeria skulle verta implementert innan 2010. Ei økosystembasert forvaltning vil ta omsyn til korleis ulike bestandar påverkar kvarandre. Her spelar også bestanden av kval og sel ei særleg viktig rolle.

Komiteen ønskjer også å peika på eit anna arbeid som ser på ulike forhold og rammevilkår for fiskeria og den verdien og det utviklingspotensialet dei marine næringane har når det gjeld auka verdiskaping og busetjing langs kysten, nemleg den varsla kystmeldinga – stortingsmeldinga om marin næringsutvikling.

Komiteen viser til at målet i mange år har vore å redusera kapasiteten i fiskeflåten. Undersøkinga viser at kapasiteten har auka. Trass i at det er innført kvotar som gjer fangsten mindre, har fartyeigarane valt å byggja ut fangstkapasiteten. Kristeleg Folkeparti vil derfor peika på den teknologiske utviklinga som har funne stad i denne næringa på lik line med mange andre næringar. Det som er viktig å konkretisera, er at auka teknisk kapasitet ofte har samanheng med auka tonnasje. Grunnen til at tonnasjen har auka, er at fasilitetane om bord har vorte stadig betre. Samstundes er båtane ofte innretta på ein måte som gjev

meir rom og plass, slik at det er meir komfortabelt og praktisk for mannskapet. I tillegg vert det i dag lagt til rette for at såkalla fiskeavfall vert teke vare på. Dette krev også plass. Reiskapen har vorte betre, takk vera den teknologiske utviklinga, og dette har ført til at mykje av det tunge fysiske arbeidet har vorte redusert. Vi legg til grunn at det i større grad har vorte betre arbeidsplassar enn det var i tidlegare tider, og viser dermed til at auka teknisk kapasitet ikkje berre er til det verre.

Regelverket er utforma slik at fiskarane må vera økonomisk rasjonelle aktørar som byggjer fartya etter eiga moglegheit for inntening. Fleire fiskeri har i løpet av mange år vorte brukte for å byggja opp under ei berekraftig forvaltning av ressursane. Dette fører til betre oversikt over ressursane, og det vert meir føreseieleg kva ressursgrunnlag og kvote ein har å halda seg til i høve til investeringa. I tillegg ligg fordelinga mellom kyst og hav fast, noko som ytterlegare byggjer opp under føreseielege tilhøve for fiskarane.

Kristeleg Folkeparti er kjent med strukturen i næringa, med små einingar. Det er eit mål å halda oppe og leggja til rette for ein variert struktur innanfor fiskerinæringa. Den relative fordelinga har halde seg stabil. Ulike verkemiddel skal sikra målet om ei geografisk fordeling langs kysten.

Komiteen peikar på at departementet erkjenner for lite dokumentasjon i arbeidet med ressurskontroll, men uttaler at dette har vore ei bevisst prioritering frå deira side ut frå tilgjengelege ressursar. Medan departementet sjølv meiner at forvaltninga totalt sett har hatt eit smidig og raskt system for oppfølging og handtering av risiko, føreset komiteen at arbeidet med betre rutinar og meir dokumentasjon i arbeidet med ressurskontroll vert prioritert, slik at ein lettare kan spora attende i systemet.

Komiteen ser at Riksrevisjonen si undersøking i stor grad ser på dei ulike tema som sjølvstendige tema, men i realiteten er det ein tett samanheng mellom dei. Komplexiteten i fiskeriforvaltninga sine oppgåver og utfordringar har auka mykje dei seinare åra. Nøkkelen til å realisera næringa sitt verdiskapingspotensial – samstundes som ein er med på å skapa ei fornuftig og berekraftig ressursforvaltning, eit enklare regelverk og, gjennom dette, god kontroll – ligg i første rekkje i reduksjon av kapasitet.

Til slutt: Stortinget forventar at Riksrevisjonen arbeider uavhengig og er ein kompetent organisasjon, og at ein opptretr aktsamt og objektivt. Eg opplever det slik at Riksrevisjonen fyller dei måla som er stilte opp for arbeidet. Ein må kunna slå fast at Riksrevisjonen har ein svært stor fagkunnskap. Det er eit ønske at Stortinget skal kunna dra større nytte av denne kunnskapen enn det gjer i dag. Eg vil derfor visa til det som vart sagt i Stortinget tysdag den 23. november 2004 i samband med innstillinga frå kontroll- og konstitusjonskomiteen om Riksrevisjonen si melding om verksemda i 2003. Eg meiner at Riksrevisjonen i sine forvaltningsrapportar bør fokusera meir på kva slags effekt stortingsvedtak har hatt for innbyggjarane.

Denne forvaltningsrapporten er eit godt døme på at ein kan få meir kunnskap om fiskeripolitikken. Denne saka har gjeve det. Komiteen ser derfor nytten av ein revisjon av forvaltninga av fiskeressursane. Denne rapporten gjev

viktig lærdom både til forvaltninga, til Stortinget og til næringa.

J ø r g e n K o s m o hadde her gjeninntatt presidentplassen.

Berit Brørby (A) [11:16:52]: Jeg skal ikke utrope meg til fiskeripolitisk ekspert, men: Målene for norsk fiskeri- og havbrukspolitikk er ambisiøse. I tillegg til en lønnsom og bærekraftig utnyttelse av ressursene er det bred politisk enighet om at fiskeripolitikken skal bidra til å sikre arbeidsplasser og bosettinger langs kysten.

Arbeiderpartiet er opptatt av at vi forvalter fiskeressursene med sikte på høyest mulig langsiktig ressursuttak innenfor bærekraftige rammer og et mest mulig stabilt uttak fra år til år. Arbeiderpartiet vil opprettholde en differensiert flåte, og går imot at havets ressurser skal privatiseres.

Uten at dette er anledningen for den store og brede debatten om fiskeripolitikken, som jeg tror det vil være riktig at næringskomiteen forbereder i sin fulle bredde, har jeg allikevel veldig lyst til å sitere fra gårdsdagens Dagbladet. Lederen der hadde som tittel «På feil kurs» og kommenterer Bondevik-regjeringens ønske om å gi evigvarende fiskekvoter til et eksklusivt utvalg av norske fiskere. Dagbladet skriver:

«Presangen fra staten til en liten norsk fiskerielite har en verdi på flere titalls milliarder kroner, omregnet i fangstverdi. Og kvotene kan omsettes. Fiskeriministeren tilbakeviser at han gjør nasjonale fiskekvoter til privat eiendom. På samme måte er Ludvigsen den siste i dette landet som benekter at fiskekvoter, retten til å fiske, kan kjøpes og selges. Ham om det. Vi konstaterer at også i fiskeripolitikken bidrar Bondevik & Co. til å gjøre de rike enda rikere.»

Så langt Dagbladet. Dette regner jeg med blir et tema i næringskomiteen for en videre oppfølging.

Vi behandler jo nå rapporten fra Riksrevisjonen. Som saksordføreren redegjorde for, har Riksrevisjonens undersøkelse tatt utgangspunkt i problemstillinger rundt forvaltningen av fiskeressursene i forhold til målet om å sikre bærekraftige fiskebestander, lønnsomhet og geografisk fordeling av fiskeflåten, myndighetenes kontrollvirksomhet og oppfølging av økonomireglementets forutsetninger om mål og resultatkrav. Jeg synes det er positivt når Riksrevisjonens undersøkelse slår fast at den norske forvaltningen i stor grad har fulgt opp FN-konvensjonens bestemmelser om å utvikle og delta i internasjonale forvaltningsregimer.

Når det gjelder spørsmål rundt kapasitetsreduksjon og ressursfordeling, står man overfor veldig vanskelige valg. Det har lenge vært et uttalt mål å redusere kapasiteten i fiskeflåten, mens undersøkelsen fra Riksrevisjonen viser at kapasiteten tvert imot har økt, som også saksordføreren var inne på. Dette bør føre til en systematisk gjennomgang av hvorledes de tiltakene som er iverksatt for å redusere flåten, har virket, kombinert med analyser og forskrifter og reguleringer.

Når det gjelder strukturen på fiskeflåten, synes den relative fordelingen mellom havfiskeflåten og kystflåten å

ha holdt seg stabil, men slik at fartøyene i begge grupper er blitt større. Det er derfor viktig at Regjeringen følger nøye med og sørger for å følge opp de distriktpolitiske målsettinger som Stortinget har fastsatt.

Jeg skal ikke nå gå inn på alle de temaene som er kommentert i våre merknader til saken, men bare vise til disse.

Når det gjelder etatsstyringen, finner jeg grunn til å understreke betydningen av at arbeidet med å utarbeide klare resultatindikatorer prioriteres, slik at det blir mulig å vurdere om virksomheten når de mål man kan forvente.

Ivar Kristiansen (H) [11:21:23]: Jeg er svært glad for at Stortinget nå får anledning til å diskutere Riksrevisjonens undersøkelse rundt forvaltningen av fiskeressursene på en grundig måte, spesielt av to hensyn: For det første kan det gi grunnlag for å få på plass i Norge en enda bedre forvaltning av våre fiskeressurser, som saksordføreren så grundig har vært inne på. Og for det andre tror jeg at denne rapporten, i tillegg til at saken har fått en grundig behandling i komiteen, og nå i en debatt i Stortinget, faktisk kan være til stor hjelp for statsråden i hans forhandlingsarbeid og fordelingsarbeid når det gjelder fiskeressurser som vi faktisk deler med andre land.

Jeg skjønner at dagens debatt kan gi rom for innspill ut fra mange ulike ståsteder, at man kan diskutere de fleste sider ved norsk fiskeripolitikk. Jeg er ikke sikker på om Dagbladets lederskribent har noen slags spesiell autoritet til å gi råd i norsk politikk, heller ikke på dette området. Men jeg tror at vi gjør klokt i å ta de råd og de føringer som Riksrevisjonen gir på dette området.

La meg bare slå fast at det de siste årene ikke har vært noen politiske motforestillinger i det hele tatt fra Stortingets side når det gjelder det uttaket av ressurser som har funnet sted. Det har heller ikke vært noen utbredt diskusjon når det gjelder fordelingen av de ressurser som man har bestemt å foreta uttak av. Derfor er det også gledelig, som det fremgår av rapporten, at bestandssituasjonen faktisk ser ganske bra ut. Det bidrar også til å øke lønnsomheten i norsk fiskerinæring. Vi ser at flere viktige bestander er i vekst, selv om uttaket har vært større enn forutsatt. Det ser vi for sei, vi ser det for hyse, og vi ser det for den norsk-arktiske torskestammen.

Jeg tror det som må være en av hovedpilarene i forvaltning og fiskeripolitikk med hensyn til næringen, er at man i størst mulig grad prøver å sikre næringen en slags stabilitet innenfor begrepet «bærekraft», som jeg har inntrykk av at samtlige partier i Stortinget er tilhengere av.

Det er selvfølgelig en hårfin balanse til enhver tid når det gjelder diskusjonen om uttak og fordeling. Og i noen tilfeller har vi tilstrekkelig erfaring, negativ erfaring, med å tøyde de økologiske grensene. Det er dokumentert – og det vil igjen bli dokumentert, hvis vi gjør det igjen – at vi ikke rår over naturen, men vi gis anledning til å spille på lag med naturen. Vi har sett at i de tilfellene hvor vi ikke har spilt på lag med naturen, har det gått galt. Hvis vi går tilbake til 1990, så vi hvilke dramatiske virkninger det hadde for norsk fiskerinæring og bosetting at man ikke lyttet til råd fra eksperter, ikke lyttet til råd fra forskerhold, osv., osv.

Selvfølgelig er det i norsk forvaltning og norsk fiskeripolitikk fullt av kontroverser, støy og uenighet. Vi har sett det i diskusjonen om strukturtilpasning, nedbygging av kapasitet. Jeg registrerer med interesse, og delvis også litt overraskelse, at man konstaterer at man kanskje ikke har nådd langt nok. Jeg vet ikke hva slags drahjelp Stortinget har gitt departementet og forvaltningssystemet i det hele tatt når det gjelder jobben med å bygge ned kapasiteten. For nettopp overkapasitet innenfor fangstleddet er jo den største trusselen mot bestanden, i tillegg til at det også er en stor, stor trussel overfor den økonomiske situasjonen innenfor fiskeriene.

Vi må også være klar over at når vi skal fordele, deler vi nesten uten unntak ressursene med andre land – det er unntak, men i det store og hele gjør vi det – og vi må forhandle oss frem til løsninger. Også på dette området tror jeg det er all grunn til å peke på at det går bedre. Særlig i nordøst, i vårt forhold til Russland, ser vi at vi på tross av en serie tilbakeslag har klart å få et forvaltningssystem som er blitt bedre og bedre. Det tror jeg vi skal være glade for.

Jeg tror dagens debatt og innstillingen fra kontrollkomiteen også vil være en støtte til statsråden når kvoter skal fordeles og forhandles frem. Jeg tror statsråden med all mulig grunn kan føle trygghet for at når det gjelder jobben med å holde igjen og stå imot press, har han solid støtte i det norske storting. Det tror jeg er en god bær å ha med seg i de mange harde og vanskelige rundene som gjelder forvaltning og fordeling.

Åsa Elvik (SV) [11:27:30]: Eg skal ikkje gjenta så veldig mange av dei poenga som saksordføraren gjorde grundig greie for i innlegget sitt, men konsentrere meg om to ting som vi frå SV si side synest det er verdt å leggje vekt på i denne saka.

Dersom det skal ha noka meining å foreta ein forvaltningsrevisjon, må ein først og fremst ha som tilnærming kva vi kan lære av det som revisjonen finn. Eg vil konsentrere meg om to forhold, det eine gjeld fastsetting av totalkvotar, og det andre gjeld tiltak for kapasitetsreduksjon, der revisjonen har vist nokre funn som eg synest det er verdt at Stortinget tek lærdom av.

På fiskerisida er ein forvaltningsrevisjon viktig fordi det ligg så mykje makt i forvaltninga. Det er riktig at Stortinget sanksjonerer ein del av verkemidla, at det er Stortinget som vedtek, eller lét vere å vedta, kva for tiltak ein skal gjennomføre. Men på fiskerisida er det òg slik at departementet og underliggjande etatar har ein del fullmakter som i sin konsekvens påverkar fiskeripolitikken ganske dramatisk. Stortinget bidreg med formuleringar om mål og sanksjonerer eventuelle verkemiddel, i den grad Stortinget finn det nødvendig og departementet kjem til Stortinget og ber om det. Men det er klart at den typen vedtak som gjeld fordeling mellom dei ulike flåtegruppene, og den typen vedtak som gjeld forhandlingar med andre land om kvotar og fastsetting av totalkvotar, har Stortinget i liten grad innverknad på, utover å formulere mål. Og ein revisjon som undersøker om det er samheng mellom mål og verkemiddel, må det då vere vesentleg for

Stortinget å ta lærdom av. Etter å ha høyrte siste talar må eg vel innrømme at eg lurar på om viljen er til stades i tilstrekkeleg grad til å ta innover seg lærdom av funna.

Lat meg starte med det som går på totalkvotar.

Riksrevisjonen påpeiker det som vi alle saman veit, at kvoten for ein del vesentlege artar, slik som torsk, hyse og sei, har vore sett høgare og til dels vesentleg høgare enn det som har vore dei biologiske tilrådingane frå forskarar. Dette har også næringskomiteen påpeikt fleire gonger. Siste talar, Ivar Kristiansen, har vore saksordførar for dei sakene der Stortinget i etterkant har teke omsyn til kor stor kvote ein har fastsett, og der vi tidvis har komme med ganske klare råd til departementet i forhold til vegen vidare og prioritering og gjenoppbygging av bestandar og den typen ting. Ein har ganske eksplisitt frå Stortinget si side sagt at ein skal leggje føre var-prinsippet til grunn. Komiteen seier ikkje det fordi vi ikkje har forståing for at det er vanskeleg å forhandle med andre land om kvotar. Vi seier det fordi det er klokt å følgje føre var-prinsippet. Det er fornuftig biologisk, og ikkje minst økonomisk. Å følgje føre var-prinsippet gir det maksimale langtidsutbyttet av ressursen. Derfor er det klokt, i tillegg til at det er ei internasjonal forplikting. Vi har eigentleg ikkje noko val. Trass i dette påpeiker Riksrevisjonen ganske klart at kvotar til dels har vore sette vesentleg høgare enn det som har vore biologiske tilrådingar. Altså har det ikkje vore samsvar mellom mål, råd frå Stortinget si side og den praksisen som har blitt ført.

Eg synest det er eit poeng at ein har funne det nødvendig å seie at det i liten grad går fram av forhandlingsprotokollane kva slags avvegingar som er gjorde mellom økologiske, økonomiske og sosiale omsyn. Dette er berre nemnt i rapporten, og ein får ikkje nokon normative råd frå Riksrevisjonen si side, men dette er eit vesentleg poeng. For slik er fiskeriforvaltninga, og slik er fiskeriforhandlingar med andre land: Dei er svært lukka. Stortinget kjenner ikkje norske krav. Stortinget kjenner ikkje gangen under forhandlinga. I og med at Stortinget ikkje kjenner det, kjenner nødvendigvis heller ikkje offentlegheita det. Vi kjenner protokollane. Vi får ei stortingsmelding til behandling kvart år. Meldinga blir kvalitativt betre etter kvart som ein ser dei endelege kvotane i samheng med dei råda som faktisk er gitt. Men vi får ingenting i forhold til det som er politisk interessant, kva slags avvegingar ein har gjort når ein har forhandla, og når ein endeleg har fastsett kvotar. Så kan vi sjølv sagt seie at det er dei som vi har forhandla med, sin feil at kvoten blei så høg. Det er ein diskusjon som det er umogleg for nokon andre enn dei som har vore i forhandlingar, å delta i, for ingen andre enn dei som har vore i forhandlingar, veit kva som faktisk har skjedd. Ein skal vere klar over at dette også handlar om kvotar som vi einsidig fastset frå norsk side. Det gjeld altså ikkje berre kvotar som vi er i forhandlingar med andre land om.

Eg synest også det er interessant når departementet kommenterer at i forhold til ressursforvaltning burde ein frå revisjonen si side ha teke større omsyn til skattleggingsmønster. Det er eg hjartans einig med departementet i. Skattleggingsmønsteret er sjølv sagt heilt vesentleg og

sentralt i forhold til det som går på ressursforvaltning. Trass i at dette er ein revisjonsdebatt, må eg berre i ei lita leddsetning seie at viss ein er så oppteken av skattleggingsmønsteret i departementet, burde ein kanskje ha lagt om strukturpolitikken sin tilsvarande, i tråd med dei råda som ein sjølv har gitt innspel om til Riksrevisjonen.

Lat meg så gå over til det som går på kapasitetsreduksjon.

Det har altså i 80 år vore eit politisk mål å redusere talet på fiskefartøy i dette landet. Vi har talt båtar, vi har talt fiskarar, og så har vi sagt at det er for mange båtar, det er for mange fiskarar, vi må kvitte oss med nokre av dei. Eg skal i mindre grad gå inn i diskusjonen om kor klokt og fornuftig det er, for det er eigentleg ikkje ein del av denne debatten, det høyrer heime i andre debattar. Eg vil berre påpeike at då ein for ti år sidan diskuterte kapasitet, var det eit vesentleg skilje mellom fangstevne og fangstbehovet til fartøya. Ein talde ikkje berre tonn, ein målte ikkje berre lastevolum, ein talde ikkje berre båtar, ein talde ikkje berre fiskarar, men ein var seg bevisst at det er eit like stort aspekt ved det som går på kapasitet: kor stort behov flåten har for råstoff for å få hjula til å gå rundt.

Riksrevisjonen påpeiker at det er grunn til å stille spørsmål ved verkemidla sin effektivitet i forhold til målet om å redusere kapasiteten. Det synest som om verkemidla for å redusere talet på fartøy og avgrense fartøyutbygginga ikkje har vore tilstrekkeleg eller praktisert på ein slik måte at målet om redusert kapasitet er nådd. Funna kan indikere at Fiskeridepartementet har lagt for stor vekt på talet på fartøy for å redusere kapasiteten, framfor andre kapasitetsfaktorar. Lat meg berre seie at det at departementet har lagt for stor vekt på det, for så vidt er greitt nok i ein forvaltningsrevisjon. Men dette er jo eit verkemiddel som er sanksjonert av Stortinget, der Stortinget må få lov til å ta sin del av ansvaret for at ein har eit einzijdig fokus på å telje fiskebåtar, framfor andre kapasitetsfaktorar.

Riksrevisjonen påpeiker også at ein ikkje har gjort analysar eller konsekvensutgreiingar i forhold til korleis desse verkemidla faktisk slår ut, om dei bidreg til å redusere kapasiteten. Det veit vi no at dei ikkje gjer. Den tekniske kapasiteten er kraftig auka i den perioden vi har hatt som politisk målsetjing å redusere kapasiteten. Og det er i den perioden det politiske fleirtalet har vedteke slike verkemiddel som einingskvoteordninga i havfiskeflåten og strukturkvoteordninga i kystflåten for å redusere kapasiteten.

Det er klart at det i forvaltningssamanheng er interessant at ein påpeiker at her har ein ikkje analysar som ligg til grunn for å kunne vite om dei verkemidla som ein faktisk vel å bruke, bidreg til å nå dei måla som ein ønskjer skal nåast. Her er det politisk mest interessante om Stortinget er villig til å ta den lærdommen at ein kanskje bør undersøkje og ta innover seg om dei verkemidla som ein vel, bidreg til å nå dei måla.

Når det gjeld einingskvote, strukturkvote, omsetnad av kvotar, mot at du tar fartøy permanent ut av fisket, er problemet at det er den som sel kvotar, som tek grunnrenta med seg ut av næringa, medan den som kjøper kvotar, får

gjeldsbelastninga. Det må nødvendigvis bidra til å redusere lønnsmda. Når du set pris på ein immateriell rett, retten til å fiske, må det nødvendigvis auke gjeldsbelastninga, og det må nødvendigvis redusere lønnsmda i fiskeria. Så kan ein vise til ringnotflåten, som har god lønnsmd. Men dei har strukturert seg i ei ganske anna tid og med ganske andre kvoteprisar enn det som ein no skal stimulere til at den andre delen av fiskeflåten skal gjere i endå større grad, ved å ta ut frysetrålarar og overføre retten til fabrikkflåten. Då må ein ha tunga beint i munnen og vere ærleg nok til å sjå på om verkemidla fungerer i forhold til målsetjingane. Riksrevisjonen påpeiker at ein kan stille spørsmål ved om ein har ei for einzijdig fokusering på å telje fartøy i staden for å sjå på andre former for kapasitet. Er det slik at kapasiteten aukar på grunn av at ein set ein pris på retten til å fiske, og på grunn av at ein derfor aukar innteningsbehovet i så sterk grad at den enkelte fiskar gjer tilpassingar som kan vere eller burde vere individuelt lønnsame for han, men som ikkje er lønnsame for flåten som heilskap? Spørsmåla er opne. Svara får vi ta i andre debattar – sjølv om ein har gått langt allereie i å føreskrive dei her.

I slike debattar bør ein sjå på dette: Om det er slik at det er eit misforhold mellom mål og verkemiddel, skal vi då endre verkemidla, eller skal vi omformulere måla? Det er ingen politisk vilje til å omformulere dei fiskeripolitiske måla. Fiskeripolitikken skal framleis bidra til busetting, arbeidsplassar, lønnsmd og berekraft. Det er alle dei politiske partia einige om – det er ingen vilje til å omformulere desse måla.

Då er det den heilt klare konklusjonen frå vår side at ein bør gjere det vi trekkjer som lærdom av denne rapporten: Vi bør slutte å akselerere dei tiltaka som det politiske fleirtalet allereie har innført. Vi bør evaluere verknaden av dei, og vi bør konsekvensutgreie kvar vi skal hen.

Eg synest at denne gjennomgangen har vore ei nyttig påminning om at vi har eit ansvar – det er ikkje berre å formulere fine målsetjingar og så føre ein politikkk stikk i strid med dei målsetjingane vi har, men det skal vere samsvar mellom mål og verkemiddel. Representanten Ivar Kristiansen seier at Stortinget har ikkje protestert på ressursfordelinga, og at Stortinget har ikkje engasjert seg. Ein del av dette som også burde vere ein lærdom, er at Stortinget i større grad bør ta ansvar for gjennomføringa av verkemidla, slik at dei er i samsvar med måla. Då treng vi fleire debattar av denne sorten, og vi treng også fleire meir overordna politiske debattar om verkemidla. Då bør også Stortinget få lov til å ta stilling til om den i utgangspunktet fastsette tidsavgrensinga i einingskvoteordninga for havfiskeflåten skal opphevast. Det bør Stortinget avgjere. Stortinget bør òg avgjere om ein skal opne for å få lov til å overføre einingskvotar frå frysetrålarar til fabrikktrålarar. Det burde vere ein sjølvsgd konsekvens av ei slik behandling. Om ikkje Stortinget tek det ansvaret, blir det utelukkande i forvaltningsrevisjonar som denne at ein kan plassere ein viss type ansvar. Eg trur det er meir interessant at veljarane får sjå at det faktisk er politikarane og dei ulike politiske partia på Stortinget som har det ansvaret, ikkje forvaltninga først og fremst.

Odd Roger Enoksen (Sp) [11:41:18]: Det er særdeles prisverdig at Riksrevisjonen har gjort et så grundig arbeid i å vurdere virkningene av fiskeripolitikken opp mot de fiskeripolitiske mål som Stortinget har formulert. De formuleringene ligger helt klart. Det skal føres en fiskeri- og havbrukspolitikk som skal bidra til økt verdiskaping i en lønnsom og bærekraftig fiskeri- og havbruksnæring, og samtidig skal den gi grunnlag for bosetting, sysselsetting og utvikling langs kysten, slik det er formulert i dokumenter fra Stortinget.

Denne næringen har særdeles stor betydning både økonomisk og sysselsettingsmessig for nasjonen. Det er derfor avgjørende at det føres en ressursforvaltning som gjør at næringen blir bærekraftig over tid. Riksrevisjonens rapport viser at uttaket for de aller fleste fiskeslag jevnt over har vært høyere i perioden enn det anbefalingene fra forskerne har tilsagt.

Det skal sies at fastsettelse av årlig uttak ikke er noen lett øvelse for en fiskeriminister, i og med at disse forhandlingene pågår i et samarbeid med andre land, og at man har et felles ansvar nasjonene imellom for å komme fram til et årlig uttak som er i tråd med anbefalingene og de krav som stilles til en bærekraftig forvaltning.

Til tross for at uttaket har vært høyere, er de aller fleste fiskebestandene i god forfatning, og de fleste bestandene er også i vekst. Dette er positivt, og gir i så måte grunnlag for å tro at næringen skal kunne opprettholde og oppnå tilstrekkelig lønnsomhet i tiden framover.

